



Gro og medhjelparane hennar gjer bygda vår vakrare!

Når ein passerer gjennom sentrum av Uskedalen, kan ein ikkje unngå å leggja merke til bomsterbutikken som ligg så sentralt og fint til. I dag kjem det verkeleg til sin rett i det fine sommarveret. Det var utruleg mykje fint i planter, og bildet som møter passerande er verkeleg vakkert!! Det er blomeprakt på sitt beste!

Slik butikken framstår betyr det mykje for korleis bygda vert presentert for turistar og andre passerande. - Det er til å koma i godt humør av, beskrev ein kunde det så godt då eg stoppa i forbifarten. Og det er ikkje berre utanfor butikken det er mykje fint i mange og samstemte fargar. Inne i lokalet var det og godt utval og mykje fint som vanleg.

Av: Thor Inge Døssland



Blomeprakt i samstemte fargar nydeleg oppstilt!